

Statens vegvesen Region vest
Attn. Iren Meisterplass
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Vår ref. Dykkar ref. Sakshandsamar Direktenr. Dato
15/1225 -5 Oddbjørn Ese 97 71 09 18 06.10.2015

Eitrestrondi naturreservat - rassikring av FV 92 Framfjorden

Innleiing

Viser til møte hjå dykk den 25.9.2015 og til seinare oversende kart m.v. Saka gjeld dykkar arbeid med forprosjekt for rassikring langs fylkesveg 92 Framfjorden og utfordringar dette kan ha for Eitrestrondi naturreservat. Vik kommune har nyleg overteke forvaltaransvaret for naturreservatet. Dette ansvaret låg tidlegare til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen skal framleis ha ei rolle som rådgjevar for Vik kommune i forvaltninga. Me har difor i denne konkrete saka, særskilt fordi forvaltaransvaret er nytt for oss, søkt råd hjå dei. Denne uttalen byggjer i stor grad på innspela me har fått frå Fylkesmannen. Me finn det også rett å presisera at den høvesvis korte tida me har hatt til disposisjon, har gjort at saka ikkje er førelagt politisk nivå i Vik kommune. Kurante saker er delegerte til rådmannen, men denne saka er av eit slikt omfang at den burde vore handsama politisk. Det har det ikkje vore høve til. Uttalen vår er elles slik utforma at den ikkje konkluderer endeleg, men gjer greie for vår førebelse vurdering på dette stadium i planprosessen.

Vurdering

Då grensa i sluttrunden av vernesaka (i samråd med Vegkontoret) vart trekt eit godt stykke opp i lia på ein del plassar med mykje skredaktivitet og trong for sikringstiltak, var det, slik me har fått opplyst, for å gje rom for ein del større tiltak som ikkje går i hop med vern som naturreservat. Samstundes var alle partar klar over at det kunne vera trong for tiltak utanfor dette, noko som er bakgrunnen for at verneforskrifta fekk eit særskilt punkt (§5 pkt.8), der det kan gjevast løyve til «Tiltak for å fremje trygg ferdsel på fylkesveg». Dette punktet kan derimot ikkje tolkast som å heimla eit kvart tiltak for å tryggja ferdsla på veggen, og ein viktig premiss er at tiltaket ikkje er uforeinleg med reservatstatus. Definisjonsgrensa er likevel ikkje heilt enkel å trekka. Vegbygging fell opplagt utanom, som ein type teknisk inngrep som naturreservat nettopp skal verna mot. Dette gjeld også om ein anleggsveg eventuelt skal slettast etter t.d. anlegg av rasvollar el. likn, då inngrepet i alle fall vil ha endra naturleg lausmasseprofil. Opning for veg (varig eller mellombels) i naturreservat vil ha så uheldig presedensverknad at det neppe kan aksepteras. Det gjeld også i terrenget der naturprosessane i seg sjølve skapar mykje dynamikk i lausmassane (naturlege rasprosessar, og variasjonen i dei, er ein del av verneføremålet og grunnlaget for skog- og vegetasjonsmangfaldet).

Sjølv om ein del einskildtiltak vil kunne få løyve etter §5 pkt.8, vil dei omtalte rassikringstiltaka i Eitrestrondi, sett under eitt, truleg måtta vurderast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, første ledd. Av desse er det «sikkerhetshensyn gjør det nødvendig» som er den aktuelle heimelen. I tillegg til sjølve verneføremålet, er vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 viktige for å avgjera om det skal gjevast dispensasjon. Både for verneføremålet «urørtheit», og for samla

#velkomtentvik



belastning etter naturmangfaldlova § 10, vil det vera problematisk dersom trangen for tiltak vanskeleg kan avgrensast til berre nokre få og små plassar, men kanskje gjeld meir eller mindre heile strekninga langs vegen eller eit ukjent tal steinar som må utløysast i fleire breie stripers som går heilt til fjells. Signalene frå Vegvesenet (og kartet over skred-episodar, som syner ei «perlerad» langs tilnærma heile vegstrekninga) tyder på at det kan koma stadig ny trøng for rassikring i framtida, på nye strekningar og på nye måtar, og at totalresultatet over lang tid vil vera ei svekking av verneføremålet og det naturlege edellauvskog-økosystemet. Det er også diskutabelt om sikkerheitsomsyn «gjør det nødvendig» i tilfelle der det finst alternativ. I denne saka finst det vel alternativ, i form av tunnel. Vurderinga etter naturmangfaldlova § 12 er viktig her, både av kva alternativ/måtar/utforming som samla sett gjev minst påverknad på naturreservatet og edellauvskogen, og kva som er best for samfunnet når ein også vurderer både kostnader og framtidig tryggleik. Omsyn til framtidig vedlikehald, tryggleik og driftssikkerheit vil i så måte kunne vega i same retning, dvs. som argument for å velja tunnel som unngår naturreservatet og dei rasfarlege stadane. Sjølv om tunnel kostar mykje pr. km, vil ein neppe kunna seia at det er «naudsynt» å leggj tunnelpåhogg i reservatet dersom det er mogleg å unngå det ved å forlenge ein fleire km lang tunnel med ein kilometer til. Det bør difor utgreiast eit alternativ med tunnel som ikkje grip inn i reservatet i det heile.

Detaljplanlegginga av kva rassikringa faktisk (og sannsynleg) vil føra til av inngrep i reservatet på konkrete areal, vil vera heilt avgjerande både for å ta stilling til heimelsbruken og sjølve utfallet av dispensasjonssaka. Såleis er det avgrensa kor mykje som kan avklarast på dette stadium i planprosessen. Kravet til detaljplanlegging, føreunderesøkingar, og uvissa kring utfallet, tilseier (ved sida av miljøomsyna i seg sjølv) at det bør utgreiast eit tunnelalternativ som går heilt klar av verneområdet. Avhengig av kor godt ein vil kunna halda dei tyngre inngrepa utanfor reservatgrensa vil også tunnelalternativet med munning ved Nedda nær sørrenden av reservatet vere eit aktuelt alternativ som også kan ha føremoner for verneområdet samanlikna med nosituasjonen, i form av redusert trøng for vedlikehaldstiltak langs vegstrekninga som tunnelen erstattar.

Ein søknad om dispensasjon etter § 48 må gjera greie for kva verknad tiltaket har på verneverdiane. Medan forvaltingsstyresmakta i praksis ofte gjer mykje av dokumentasjonsarbeidet sjølv i saker som gjeld einskildpersonar, må ein for profesjonelle aktørar som Vegvesenet kreva at søkeren utgreier meir om både kva som finst av omsynskrevjande artar og verneverdiar, og kva tiltaket vil ha å seie for dei.

Med helsing

Oddbjørn Ese
Rådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi
Fylkesmannen i Sogn og Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Fjordane



